

Styremøte i V.I.L

Klubbhuset 18.03.2014

Desse møtte: Einar Hoel, Anders Rem, Karianne Vestre Døving, Trond Håvoll, Kristin G. Sandnes, Inge Sunde, Ellisiv Jarvik, Kjerst S. Magnussen, Magne Eivind Glomnes og Jan Ole Fuglem.

Saker:

1. Orientering frå gruppene

Fotball: Det er påmeldt eit lag meir i år enn sist sesong. To lag er påmeldt til Norway Cup i sommar. Alle laga har fått treningstider i gymsalen, trenarar og lagleiarar.

Jobben med programbladet er no i gang.

Trim: Trimgruppa hadde møte sist månad (30.mars 2014). Frisbee kjem inn under trimgruppa.

Langrenn: Langrennsgruppa har hatt bingo nyleg. Søndag 23. mars er det kretsrenn i Valldal.

Friidrett: Lite nytt sidan sist.

Einar: Har vore på tilskotsmøte og møte på frivillighetssentralen sidan sist møte.

2. Fordeling av verv i styret 2014

Kasserar: Trond Håvoll

Skrivar: Karianne V. Døving

Kontakt/ansvarleg klubbhus: Kristin G. Sandnes

3. Oppfølging av vedtak på årsmøte

Trakkemaskin: Idrettslaget skal kjøpe ny trakkemaskin, og ei nemnd skal setjast saman for å sjå på det. Jan Ole Fuglem, Geir Arne Myren, Terje Hoel og Inge Sunde skal representere denne nemnda.

Rehabilitering av Idavollen: Det skal opprettast ei anleggsnemnd som skal sjå på det. Anders Rem, Torkjell Døving, Robin Gjerde og Anne Lene Hjelle skal sete i denne nemnda.

Det vart også foreslått at det kan vere aktuelt å skaffe seg ein lønna dugnadsleiar til dette prosjektet.

Det vart også sagt på styremøtet at ein ønskjer å kome i gong med anlegget så rask som muleg.

4. Marknad 2014

Ellisiv Jarvik, Anders Rem og Einar Hoel skal få i gong sal på lister/bøker og sette opp arbeidslister til marknaden.

5. Olsok 2014

Det er viktig at planarbeidet kjem i gong og at komiteleiarane kjem på plass.

Hovudleiar: Einar Hoel

Program: Gro Marita Valdal

Teknisk: Kjell Vad?

Matkomite: Hillevi Hovden (Monica Rødven)

Sport/aktivitet: Magne E. Glomnes

Koordinator: Terese J. Moen

Økonomi: Kåre Erstad (Inge Sunde)

6. Utstyr til klubbhuset

I budsjettet for 2014 ligg det inne pengar til å kjøpe utstyr på klubbhuset.

Få på plass snart:

Prosjektor m/lerret: Anders Rem sjekkar ut nærmare pris og type.

Internett: Sjekke ut mulegheitene nærmare for å få internett på klubbhuset.

Ventar med:

Innkjøp av stolar og sliping/oljing av golv. Ein ventar med det til eit større oppussingsprosjekt av salen.

7. Eventuelt

Årsmøte i idrettsrådet 31.03.2014: Ellisiv Jarvik og Anders Rem reiser dit.

Aktivitetsdag PU 26.04.2014: Prøve å få eit par ungdommar frå fotballgruppa til å stille.

Forsikring: Må gå igjennom forsikringane til idrettslaget og sjå kva avtalar vi har. Einar Hoel skal sjekke ut prisar og få inn nye tilbod.